



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Vår ref.  
12/180-21/N-000//KAWV

Dykkar ref.

Dato:  
08.05.2012

## **NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad - Høyringsuttale frå Kvam herad**

Kvam formannskap har i sitt møte 08.05.2012 kome med følgjande tilråding til uttale når det gjeld NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad:

### **FSK-035/12 Tilråding:**

1. Kvam herad går inn for å styrka demokratiopplæringa i skulen. Om ein skal innføra eit nytt demokratifag eller byggja vidare på det eksisterande elevrådsarbeidet tek me ikkje stilling til no.
2. Kvam herad går inn for å styrkja ungdomsråda i kommunane. Det må utarbeidast nye retningslinjer og ordninga må sikrast med øyremerka statlege tilskot.
3. Kvam herad ynskjer at dei unge skal få meir kunnskap om personvern og kva makt sosiale medium har. Opplæringa kan ein gi gjennom eit av faga i grunnskulen.
4. Kvam herad ser at det er trong for å vurdere på nytt barn og unge sin rett til medverknad i barnevernssaker. Ein føreset at departementet vurderer kva tiltak som skal settast i verk.

---

Kvam heradsstyre som er det endelege utvalet som skal ta avgjerd i saka har ikkje møte før 15.05.2012. Kvam herad har difor valt å sende Kvam formannskap si tilråding som ein midlertidig uttale. Endeleg uttale blir sendt etter Kvam heradsstyre sitt møte 15.05.2012.

Med helsing

Kari Weltzien Vik  
Politisk sekretær  
Kvam herad